

ARBEIDSGRUPPE INNTEKTSAUKE KULTUR

Bærekraftig kommuneøkonomi i Vinje kommune

Tiltaksrapport



1. Mandat og rammer

Arbeidsgruppa har som oppdrag å finne moglegheiter for inntektsauke for Kultur og fritid.

2. Organisering og gjennomføring

Kristian W. Rantala	<i>Verksemdsleiar</i>	Arbeidsgruppeleiar
David Rönnlund	<i>Avdelingsleiar</i>	Arbeidsgruppemedlem
Knut Martin Edland	<i>Kommunalsjef</i>	Arbeidsgruppemedlem

Arbeidsgruppa har bestått av dei som har ansvaret for områder det er innteningsmoglegheiter, avdelingsleiar for arrangement og aktivitet og verksemdsleiar for kultur og fritid i tillegg til kommunalsjef for Kultur, næring og fritid.

3. Utredning

Vinje kommune har over tid lånt ut areal og utstyr gratis til innbyggjarar, lag og organisasjonar.

3.1 Tiltaksomtale

Me har historisk sett ikkje teke betalt av innbyggjarane for lån av areal og utstyr, og tenester knytt til dette. Dei fleste kommunar gjer det, og det kan me også. Inntekspotensialet er ikkje så stort, mykje av aktiviteten er allereie knytt til kommunal aktivitet via skule, helse eller annan kommunal aktivitet. Største inntekspotensial er å ta betalt for utleige av idrettshall og symjebasseng. Potensielle inntekter avgjerast av eit endeleg prisnivå på vedteken prisliste. I dette ligg det også då meir konsekvent fakturering av ulike tenester knytt til denne aktiviteten, slik som vaktmeister tenester, reinhald og kulturarbeidartenester.

Av kommunal arrangementsaktivitet så har strategien vore å breidde ut kultur og idrettstilbodet i kommunen ut over det som blir skapt av frivillige eller private, både det som er smalt og det som er kostnadskrevjande. Fleire arrangement er budsjettert med underskot. Dette kan me slutte med, og heller arrangere for overskot.

I tillegg er det mogleg å installere kioskautomatar på dei lokale samfunnshusa. Det er mogleg å hente ut litt ekstra inntekter frå dette, sjølv om det i utgangspunktet er ei annan etisk line enn det me tradisjonelt har hatt.

Oppsummerande tabell

Namn på tiltak i arbeidsgruppa	Uydjuping av tiltak
1. Ta betalt for leige av areal og utstyr	Ta betalt for utleige av hallar, rom og utstyr etter ei vedteken prisliste.
2. Tenestepricing	Ta betalt for vaktmeister, reinhaldarar og kulturarbeidarar med kr 1000 per time.
3. Kioskautomatar	Selje enkle varer gjennom kioskautomatar på samfunnshusa. Brus, snacks og liknande.
4. Komerisielle arrangement	Arrangere fleire komersielle arrangement, færre smale arrangement.

5.Auke brukarbetaling Vinje kulturskule	Auke brukarbetaling med kr 500 per år per elev per fag
---	--

4. Gevinstrealisering

Tabellen viser oversikt over arbeidsgruppens forslag til tiltak for å nå målsettingen. Tabellen inneholder navn på tiltak, kvalifisert anslag på mulig besparelse i 2027 og 2028 (når fullt implementert) og forutsetninger for at tiltaket skal kunne realiseres i økonomisk innsparing.

Navn på tiltak	Besparelse (i hele 1000)		Forutsetninger for gevinstrealisering
	2027	Årlig fra og med 2028	Hva skal til for at den økonomiske gevinsten blir realisert
1. Ta betalt for leige av areal og utstyr	0	200	At aktiviteten opprettholdast ev. aukast.
2. Tenesteprising	0	100	At aktiviteten opprettholdast ev. aukast.
3. Kioskautomatar	25	50	Gode leasingavtaler og rett utval av varer.
4. Kommersielle arrangement	50	250	Handlar om nettverk og timing, samt gode avtaler og publikumsutvikling.
5.Auke brukarbetaling Vinje kulturskule	100	100	Inntektsauka er avhengig av stabilt elevtal.

*Alle utrekningar er baserte på estimat og gevinstrealiseringa kjem til å variere ut ifrå andre føresetnader.

5. Oppsummering av heile arbeidsgruppa

Omtale	Risiko, konsekvensar og forsvarligheit
1. Ta betalt for leige av areal og utstyr	Lokale lag og organisasjonar får høgare driftskostnader. Få kommunar har gratis tilgang til areal.
2. Tenesteprising	Høgare kostnad for lag og organisasjonar, lågare driftsmargin. Høgare kostnad for lagsmedlemmar
3. Kioskautomatar	Risiko for at omsetning ikkje vil vere høg nok til å dekkje kostnadane.
4. Kommersielle arrangement	Færre smale arrangement, dårlegare breiddetilbod i kommunen.
5. Auke brukarbetaling Vinje kulturskule	Risiko for lågare rekruttering og fråfall med høgare pris. Friplassordninga skjermar låginntektsfamiliar.

<i>Beløp i 1000 kr</i>	2027	2028	2029	2030
<i>Tiltak</i>	175	700	750	800

*Alle utrekningar er baserte på estimat og gevinstrealiseringa kjem til å variere ut ifrå andre føresetnader.

